



Møteprotokoll

Møtedato: 19. Juni 2020

Møtetid: Kl. 13:00 – 15.40.

Møtestad: Rådhuset i Selje, 2.etg.

Saksnr.: 26/20 - 32/20

Følgjande medlemmar møte

Håkon Sjøstad (Leiar)
Kariann Myklebust Fagerli (Nestleiar)
Malene Friberg (Medlem).
Magne Fure (Medlem) via videolink. I sak 9, 10 og 11.

Følgjande medlemmar møte ikkje

Jessica Haaland

Følgjande varamedlemmar møte

Dagfinn Olav Kvamme

Følgjande frå administrasjonen møte

Merknad til innkallinga

Følgjande frå Vest Kontroll møte

Jostein Støylen Dagleg leiar
Jorunn Sandal Spesialrådgjevar

Følgjande frå Kommunerevisjonen Vestland revisjon møte

Charles Litsheim, Oppdragsansvarleg revisor/revisjonssjef forvaltningsrevisjon.
Ikkje i sak 32.

Følgjande saker vart handsama

- SAK 26/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT
MØTEPROTOKOLL
- SAK 27/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 28/20 MELDINGAR
- SAK 29/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 30/20 EVENTUELL FORVALTNINGSREVISJON - KONTROLL NORDFJORD
HAVN IKS
- SAK 31/20 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON KOMMUNEN OG SELSKAP
- SAK 32/20 ØKONOMIRAPPORTERING PR. 30.04.2020

Utskrift møteprotokoll: Kommunestyret som melding til neste møte, ordfører og rådmann som orientering og kontrollutval med vara for godkjenning til neste møte.

Signatur:

Håkon Sjøstad

Malene Friberg

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
26/20	033	10.06.2020	19.06.2020	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Malene Friberg.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
27/20	049	10.06.2020	19.06.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 24.04.2020.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 24.04.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
28/20	033&17	10.06.2020	19.06.2020	KS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitende.

Vedlegg

Frå bladet kommunal økonomi nr. 5 mai 2020. «Kommunelovens krav til økonomisk bærekraft – hvordan ivaretar kommuneregnskapet en måling av økonomisk bærekraft».

I møtet

E-postar frå Håkon Sørland, om at han ikkje får svar frå kommunen.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
29/20	033&58	11.06.2020	19.06.2020	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet registrerte at Betty Hessevik vart kjent inhabil i formannskapet 11.06.2020 i sak 29/081 og kommunestyret 18.06.2020 i sak 20/099 i sak Torvik bustadfelt budsjettendring, med visning til forvaltningslova § 6.

Kontrollutvalet vil peike på at det ikkje er nok å vise til § 6 det må også visast til ledd og eventuell bokstav.

Utvalet ber om endring i framtida.

2. Kontrollutvalet har elles, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Stad kommune si heimeside - <https://stad.kommune.no/politikk-og-organisasjon/politikk/moteplan-og-sakspapir/>

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Administrasjonsutvalet:	12.03	30.04	11.06	
Eigedomsskatt – Klagenemnd:				
Eigedomsskatt – Sakkunnig nemnd:		17.04	04.05	
Finansutvalet:	26.03	30.04	11.06	
Nordfjordreådet:	17.02	23.03	20.04	08.06
Stad eigedomsutvikling KF:	30.03	11.05	08.06	
Stad eldreråd:	09.03	27.04	08.06	
Stad Fjordvarme KF:	23.03			
Stad formannskap:	30.01	11.06		
Stad kommunestyre:	06.02	07.05		
Stad kontrollutval:				
Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne:	09.03	27.04	08.06	
Stad ungdomsråd:	09.03	27.04	08.06	
Utval for areal og eigedom:	10.03	28.04	09.06	
Utval for helse og omsorg:	11.03	29.04	10.06	
Utval for kultur, idrett, samfunn og næring:	10.03	28.04	09.06	
Utval for oppvekst og opplæring:	11.03	29.04	10.06	

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
30/20	217	12.06.2020	19.06.2020	JS

EVENTUELL FORVALTNINGSREVISJON – KONTROLL NORDFJORD HAVN IKS

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet vurderer ny forvaltningsrevisjon i samband med utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon.

Vedlegg

1. Kontrollutvalet i Kinn si behandling i 2020
2. Kommunestyret og kontrollutvalet i Selje si behandling i 2019

3. Kommunestyret og kontrollutvalet i Vågsøy si behandling i 2019

Saksopplysningar

Kort oppsummering av saka

Kontrollutvalet i Selje bestilte saman med ei andre eigarkommunane (Vågsøy, Stryn og Gloppen) ein selskapskontroll (eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon) av Nordfjord Havn IKS med Kommunerevisjonen i Nordfjord. Kommunestyra i eigarkommunane hadde prioritert ein slik kontroll i si plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2019.

Rapporten låg føre våren 2019.

Kontrollutvalet i Vågsøy hadde prosjektplanen til behandling bad dei revisjonen vurdere:

- om det mogleg å ta ein gjennomgang av vedtak, kontraktar og avtalar for å klarlegge om selskapet sin praksis er i tråd med Hamn- og farvatn-lova, samt anna lovverk

Revisjonen kom ikkje Kontrollutvalet i Vågsøy imøte på dette punktet.

Når rapporten vart kjent fekk sekretariatet/kontrollutvalet tilbakemeldingar frå tidlegare havnerådsleiar Nils Myklebust. Tilbakemeldinga gjorde at det vart innhenta opplysningar frå ein del sentrale personar som har og har hatt med hamna å gjere. Det var usemje om påstandane. Sjå kommunestyresaka som ligg ved.

Dåverande rådmann i Vågsøy Knut Ove Leite kom også med ei tilbakemelding som gjorde at Vest kontrollutvalssekretariat og Kontrollutvalet i Vågsøy og Selje vart betenkt:

«Det viktigaste i det Nils Myklebust skriv er tilhøva rundt det som har skjedd med industriområdet i Barstadvika. Det burde vore sett på om her er ulovlege subsidiering av ein aktør og om nokon næringsaktørar sit på begge sider av bordet, dvs om ein sel areal til hamna og er festar av det etterpå»

Kontrollutvalet i Vågsøy la saka fram for kommunestyret med tilråding i samsvar pkt. 1 og 2, pkt 3. kom som tillegg etter benkeforslag i kommunestyret:

1. Kommunestyret tek rapporten av 11.03.2019 frå selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Nordfjord Havn IKS, med Hamnestyret sitt tilsvar i sak H01/19, til vitande.
2. Kommunestyret i Vågsøy ber om at Kontrollutvalget/Kommunestyret i Kinn gjer vedtak om, eventuelt saman med dei andre eigarkommunane, ein ny-/oppfølgingskontroll i 2020 av Nordfjord Havn IKS. Kontrollen bør leggje særleg vekt på disposisjonar som selskapet har medverka til når det gjeld industriområdet i Barstadvika, samt oppfylling av tilskottsvilkåra for fiskerikaier.
3. Siden Barstadvika er foreslått teke opp som oppfølgingskontroll, er det rimelig at heile prosjektet frå oppstart til i dag blir gjennomgått.

Selje kommunestyret gjorde i 2019 vedtak i samsvar med Vågsøy kommunestyre sitt pkt. 1 og 2. Sjå vedlegg 2. Vi har ikkje tilgjengeleg utskrifta frå kommunestyrebehandlinga.

Rapporten frå revisjonen

I rapporten kjem det fram at Nordfjord Havn IKS har forbetringspotensiale på ein del område.

Ein viser her til kommunestyresaka.

Oppsummering

I ein eventuell ny kontroll av Nordfjord havn IKS bør flg. kontrollerast:

- Oppfølging av om dei tilhøva som er peika på i forvaltningsrevisjonsrapporten er følgd opp
- Kontrollen bør leggje særleg vekt på disposisjonar som selskapet har medverka til når det gjeld industriområdet i Barstadvika, samt oppfylging av tilskotsvilkår for fiskerikaier. Når det gjeld Barstadvika må heile prosjektet frå oppstart til i dag (12.12.2019) gjennomgåast.

Ein eventuell ny kontroll av Nordfjord Havn IKS bør vurderast i samband med overordna analyse – plan for selskapskontroll for inneverande planperiode/valperiode.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
31/20	217	12.06.2020	19.06.2020	JS

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – KOMMUNEN OG SELSKAP

Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte.

Forslag til vedtak frå sekretariatet

1. Kommunestyret vedtek å prioritere flg. forvaltningsprosjekt i planperioden:
 -
 -
 -
 -
2. Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å endre prioritetsrekkefylje og evt. leggje til nye prosjekt innan ramma for utføring.
3. Kommunestyret vedtek at betaling for utførte prosjekt vert dekkja inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører forvaltningsrevisjon på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).
4. Kommunestyret vedtek at denne planen for forvaltningsrevisjon gjeld inntil ny plan ligg føre.
5. Kommunestyret registrerer at utføring av forvaltningsrevisjonsprosjekta må koordinerast med statlige tilsyn (Fylkesmannen).
6. Kommunestyret vil ikkje prioritere ein forvaltningsrevisjon av Nordfjord havn no, men vil kome tilbake til dette seinare om ein finn den rett, ut frå at ein no vil gå ut av dette harnesamarbeidet.

I møtet

Revisjonssjef forvaltningsrevisjon Charles Litsheim gikk igjennom overordna analyse og svara på spørsmål.

Kontrollutvalet meiner dei treng meir tid å få prioritert prosjekt. Dei ynskjer og at ordførar og kommunedirektør er til stades. Kontrollutvalet vil ta saka vidare i møte den 11.09.2020 og føreset då at ordførar og kommunedirektør møter.

Ut frå diskusjonen endra sekretariatet innstillinga si til vedtak om utsetjing til neste møte.

Vedlegg

Overordna analyse, utarbeida av Vestland Revisjon

Saksopplysningar

Forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-2 bokstav c) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen sin verksemd og selskap kommunen har eigarinteresse i. § 23-3 definerer forvaltningsrevisjon som å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, målinnfriing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

Plan for forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-3 andre ledd set krav om at det skal utarbeidast plan for forvaltningsrevisjon:

«Kontrollutvalget skal minst en gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utareide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner».

Kommunelova § 23-3 femte ledd slår fast at det er kommunestyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon, men dei kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen

Risiko- vesentlegvurdering

Kommunelova § 23-3 tredje ledd stiller krav om at planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering:

«Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper».

Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen si verksemd tek utgangspunkt i risiko for manglar eller avvik knytt til produktivitet, måloppnåing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, internkontroll og/eller effektivitet.

Det vert vist til **dokumentet Overordna analyse** som ligg ved saka.

Koordinering i utføring av prosjekt

Utføring av forvaltningsrevisjonsprosjekta må koordinerast med statlige tilsyn (Fylkesmannen).

Problemstillingane i eit forvaltningsprosjekt

Kontrollutvalet og sekretariatet vil i samband med behandling av prosjektplan avgjere problemstillingane i samarbeid med revisjon.

Aktuelle forvaltningsprosjekt

Ut frå dokumentet Overordna analyse peikar revisjonen på flg. aktuelle område og prosjekt som er kan vere aktuelle for forvaltningsrevisjon (Ikkje prioritert rekkefølge):

Sjå pkt. 14 Uprioritert liste over moglege revisjonsprosjekt – side 20 til og med side 23 i rapporten som ligg ved saka.

Sjå særleg også Kommunedirektøren si tilbakemelding, pkt 19 side 37 i vedlegg til rapporten.

Prioritering av forvaltningsprosjekt

Kontrollutvalet må i møtet prioritere og setje opp dei mest aktuelle prosjekta for gjennomføring før saka går til kommunestyret.

Eventuelle forvaltningsprosjekt på selskap der kommunen har eigarinteresser må prioriterast i denne planen. Sjå side 29 i rapporten har revisjonen lista opp slike selskap. I tillegg kjem Nordfjord hamn IKS der Selje kommune si eigarinteresse har gått over til Stad kommune.

Plan for eigarskapskontroll

Risiko- og vestenlegvurderinga av kommunen sine eigarskap i selskap skal ta utgangspunkt i risiko for at selskapa ikkje driv i samsvar med kommunestyret sin vedtak og føresetnader, eller at dei ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.

Sekretariatet vil seinare kome tilbake med eiga sak for eigarskapskontroll.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
32/20	212	12.06.2020	19.06.2020	JS/KS

ØKONOMIRAPPORTERING PR. 30.04.2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek tertialrapporten til vitende.

Vedlegg

1. Saksutgreiing frå kommunedirektøren.
2. Økonomirapport 1. tertial 2020 – Drift.
3. Tertialrapport 1. 2020 – Investeringsprosjekt.
4. Fylkesmannen i Vestland. Brev av 01.04.2020 vedkomande budsjett og økonomiplan.
5. F- 20/086 frå møteprotokollen 11.06.2020.

Saksopplysning

Vi viser til saksutgreiinga frå kommunedirektøren med vedlegg.

Saka var oppe i formannskapet 11.06.2020.

Formannskapet gjorde slik vedtak:

Vedlagte økonomirapportar til kommunestyret om den kommunale drifta og kommunale investeringar pr. 30.04.2020 vert teke til vitande.

Saka skal opp i kommunestyret 18.06.2020.

Det er viktig at kontrollutvalet er tidleg orientert.

Møtet slutt.

**Møteprotokollen går til: Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte**